

Rundskriv IS-3/2015

Registrering av tal på personar med psykisk utviklingshemming i kommunane

Kriteriedata for inntektssystemet 2016

1. Generelt

Dette rundskrivet IS-3/2015 erstattar rundskriv IS-3/2014.

Tal på registrerte personar med psykisk utviklingshemming pr. 01.01.2015 er med og dannar grunnlag for utrekningar av rammetildelinga i inntektssystemet for 2016. Som grunnlag for kriteriedata for inntektssystemet 2016, skal alle kommunane sende inn tal for 2015.

Alle kommunar skal registrere antal innbyggjarar i alderen 16 år eller eldre med psykisk utviklingshemming som per 01.01.2015 har vedtak om tenester etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første lekk nr. 6, under dette også § 3-8. Personar som får omsorgsløn etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-6 i samband med omsorg for personar med psykisk utviklingshemming, skal også registrerast.

Slik registrering inneber at kommunane må ha ein oppdatert oversikt over antal innbyggjarar i alderen 16 år eller eldre med psykisk utviklingshemming som har vedtak på nemnte helse- og omsorgstenester. Kommunens oversikt skal innehalde diagnose, fødselsmånad og -år. Oversikten må førast på ein måte som gir kontrollinstansen (revisor) høve til å kontrollere kva slags instans som har sett diagnosa, slik at ein ved behov kan hente inn opplysningar frå denne.

2. Registrering av data

2.1. Framgangsmåte for registrering

Utgangspunktet er at heimkommunen (den kommunen der personen bur og får tenester, og som har det økonomiske ansvaret for tenestene til vedkommande), som skal medrekne vedkommande i registreringa. Dette gjeld òg dersom heimkommunen kjøper tenester til vedkommande i ein annan kommune eller frå private aktørar. Registreringa skal gjerast av den kommunen som per 01.01.2015 har det økonomiske ansvaret.

Kommunen skal ikkje medrekna personar med psykisk utviklingshemming som bur i ein av Landsbystiftelsen sine bukollektiv eller landsbyar. Personar som det vert gitt vertskommunetilskot for, skal heller ikkje teljast med i kommunens registrering. Vedlegg nr. 2 gir oversikt over kva slags kommunar som får vertskommunetilskot.

Dersom det er endringar frå 2014-registreringa, skal dette registrerast via eit eige skjema i Alltinn: «*Antall personer med psykisk utviklingshemming som kriterium for rammefinansiering*».

Dersom det ikkje er endring frå 2014-registreringa, er det tilstrekkelig at kommunen sender ein e-post til esk@helsedir.no der dette stadfestast.

Vedlegg nr. 1 skal fyllast ut av alle kommunar. Dette gjeld uavhengig av om det er endringar frå 2014-registreringa eller ikkje. Skjemaet skal vera tilgjengeleg i den enkelte kommune.

2.2 Kontroll av registrering

Før frist for registrering (sjå pkt. 3) skal kommunens revisor føre kontroll med fylgjande:

- a) Kommunens oversikt over antal registrerte personar med utviklingshemming og endringar frå året før.
- b) Dokumentasjon på fastsetting av diagnose og at det ligg føre eit enkeltvedtak pr. 01.01.15.
- c) At det finst avtale om kva kommune som registrerar vedkomande når ein person oppheld seg og får tenester i ein annan kommune enn heimkommunen.
- d) At personar som det blir gitt vertskommunetilskot for er haldne utanfor denne registreringa på psykisk utviklingshemma.
- e) At personar med opphald (heildøgn) ved ein av Landsbystiftelsen sine bukollektiv eller landsbyar ikkje teljas med.

Vedlegg nr. 1 skal etter denne kontrollen fyllast ut og godkjennast av kommunens revisor og rådmann.

Revisorfråsegn skal oppbevarast i kommunen for evt. seinare bruk.

3. Tidsfrist

Ved endringar frå 2014-registreringa skal kommunen sende inn tal via Altinn. Frist for registrering i Altinn er **15. april 2015**.

Er det ingen endringar frå 2014-registreringa, skal dette stadfestast på epost til esk@helsedir.no innan **15.april 2015**.

4. Spørsmål

Kontaktperson for spørsmål er Elin S. Kitmitto, tlf. 24 16 32 40, epost esk@helsedir.no

Kopi:

Den norske Revisorforening	Postboks 2914 Solli 0230 Oslo
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep 0030 Oslo
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep 0032 Oslo
Norges Kommunerevisorforbund	Postboks 1417 Vika 0115 Oslo
Landets fylkesmenn	

Vedlegg 1: Tal på personar med psykisk utviklingshemming i kommunane pr. 01.01.2015

Vedlegg 2: Liste over vertskommunar

VEDLEGG 1 TIL RUNDSKRIV IS-3/2015

Tal på personar med psykisk utviklingshemming i kommunane pr. 01.01.2015

Dette skjemaet skal fyllast ut i samsvar med rundskriv IS-3/2015. Skjemaet skal oppbevarast i kommunen, og skal saman med revisorfråsegn kunne leggest fram på førespurnad. Det skal brukast som grunnlag for registrering i Altinn, og som grunnlag for revisjon.

Frist for innsending av Altinn-skjemaet til Helsedirektoratet er 15.04.15.

Antal personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over som pr. 01.01.15 har vedtak om tenester:	
---	--

Kommunennummer fire siffer	
Kommunenamn	
Adresse	
Kontaktperson (skriv tydelig)	
Telefonnummer	
Epost-adresse	

Det vert med dette stadfesta at oppgitt tal på personar med psykisk utviklingshemming pr. 01.01.15 er i samsvar med dei retningslinjer som er gitt i rundskriv IS-3/2015.

.....
Dato/underskrift rådmann

.....
Dato/underskrift revisor

VEDLEGG 2 TIL RUNDSKRIV IS-3/2015

Oversikt over kommunar som får vertskommunetilskot

	Kommune
1247	Askøy
1418	Balestrand
1813	Brønnøy
219	Bærum
1101	Eigersund
1401	Flora
1445	Gloppen
534	Gran
101	Halden
403	Hamar
702	Holmestrand
1119	Hå
1662	Klæbu
1238	Kvam
1911	Kvæfjord
1718	Leksvik
1636	Meldal
104	Moss
819	Nome
542	Nord- Aurdal
605	Ringerike
412	Ringsaker
1840	Saltdal
1529	Skodje
1870	Sortland
417	Stange
1714	Stjørdal
720	Stokke
536	Søndre Land
1535	Vestnes
1523	Ørskog
528	Østre Toten
214	Ås